




2024



Badeball 3.-5. trinn



Løysingsord: _____



Matematikk.org



MATEMATIKKSENTERET
Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen




OFFSHORE NORGE






Oppgåve 1



Oliver har fire brikker:



Han vil lage eit kvadrat:



Kva for to brikker kan Oliver setje saman til eit kvadrat?

1 og 2	1 og 3	1 og 4	2 og 3	2 og 4
A	S	T	L	R




Oppgåve 2






I ein park er det 5 tre.

Når Jonas ser seg omkring,
kan han berre sjå to av trea.

Resten er skjult bak andre tre.




Kven er Jonas?






Oppgåve 3



Olivia har fem klistremerke:



Ho limde dei inn i rutene:

1	2	3	4	5
---	---	---	---	---

Stjerna er ikkje i rute 5.

Hjartet er i rute 1.


Blomsteren er limd ved sida av smultringen og jordbæret.

I kva for ei rute har Olivia limd blomsteren?

1	2	3	4	5
K	U	N	R	Ø



Oppgåve 4



Kan du dele figurane nedanfor i to trekantar?

Du får berre lov til å teikne éi linje.



Kva for ein figur kan du ikkje dele i to trekantar med éi rett linje?



F



J




S




D



M




Oppgåve 5



Emil har festa nokon leikefiskar på et tau.

Fiskane er festa slik at nokon sym mot ringen og andre sym frå ringen.




Kor mange fiskar sym mot ringen når han strekkjer ut snora?

3	5	6	8	10
P	E	I	H	K




Oppgåve 6



Talet 301 er eit tresifra tal.
Tverrsummen til talet er 4, fordi $3 + 0 + 1 = 4$.

Talet 220 er også eit tresifra tal med tverrsum 4,
fordi $2 + 2 + 0 = 4$.




Kor mange tresifra tal med tverrsum 4 finst det?



10	9	8	7	6
V	G	R	O	A




Oppgåve 7



Du har seks brikker å velje mellom for å pusle ferdig kvadratet.




Kva for tre brikker må du bruke for å pusle ferdig kvadratet?






Opppgåve 8



Theodor skal skrive tala frå 1 til og med 9 i rutene. Eitt tal i kvar rute.

Alle piler skal peike frå eit mindre tal til eit større tal.

Han har allereie skrive inn tala 5 og 7.



Kva for eit tal må Theodor skrive i den gule ruta?

2	3	4	6	8
S	K	R	L	Y